



Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår referanse
25/3663 25/19489

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Magnar Selbervik

Dato
23.09.2025

Fråsegn til søknad om uttak av grunnvatn Nøre Vartdal

Syner til søknad frå VD Eiendom Vartdal AS om ny lokalisering av uttak grunnvatn, no ca 200 meter søraust for E39 på Nordre Vartdal. Vatnet skal nyttast til kjølevatn ved Vartdal plast og fungere som reservevatn ved dei private vassverka på Vartdal og Nordre Vartdal. Kommunen kunngjorde søknaden på heimesidene den 25.08.2025.

Sidan 2021 har søkjar hatt uttak av same mengde grunnvatn ved utløpet av Storelva på Nordre Vartdal, men ønskjer å flytte brønnane grunna innslag av brakkvatn. Søknaden kommunen har fått til fråsegn no, gjeld berre sjølve uttaket av vatn etter vassressurslova.

Omtalen av planstatus i søknaden er feil.

Det aktuelle arealet ligg i kommuneplanen sin arealdel i LNF sone C med slik føresegn: *"Landbruks, natur- og friluftsområde. I desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådelling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormyndre ikkje har merknader. Nokre av dei registrerte viltområda i høve viltregisteret til fylkesmannen ligg i denne sona. Det vert synt til temakart nr 8"*

Det gjeld og ei 50 meters vernsone langs vassdrag med slik føresegn:

«Der ikkje anna er bestemt ved reguleringsplan, er det langs desse vassdraga forbod mot byggje- og anleggstiltak nærare strandlina enn 50 m målt ved gjennomsnitt flomvasstand (jfr. pbl § 81, 84, 86a, 86b og 93). Føresegna gjeld ikkje forbyggingstiltak i samsvar med forbyggingsplan etter vassdragslova og kommunaltekniske anlegg.»

Då det aktuelle arealet er dyrka jord avsett til LNF i kommuneplanen sin arealdel med vernesone langs vassdrag, vil etablering av brønnar med tilhøyrande brønnhus, innegjerding og restriksjonar på landbruksdrift gjere tradisjonell jordbruksdrift vanskelegare og kunne påverke fri ferdsel langs elva. Tiltaket vil såleis vere i strid med gjeldande arealføremål og må handsamast som ein dispensasjon. Vi må då få ein fullstendig søknad der alle tiltak er teikna inn og aktuelle klausuleringar er avklara. Tiltaket må også nabovarslast og det må ligge føre avtalar med grunneigar. Vi legg til grunn at dagens brønnar då vert fjerna.

Det er viktig at bygdene på Vartdalstranda får tilgang til nok og sikker vassforsyning. Dette har vore ei utfordring over tid og det har vore planar om å lage ein eigen kommunedelplan for vatn. Vi legg til grunn at ei etablering som omsøkt vil dekkje dette behovet.

Vi tolkar søknaden slik at uttaket ikkje vil påverke vassføringa i Storelva, som i vann-nett er vurdert å ha dårleg økologisk potensial. Grunnvassførekomsten ID 095-776-G er vurdert å ha god miljøtilstand. Basert på opplysningane i søknaden har vi ikkje merknader til sjølve vassuttaket, og ser positivt på planane om å dekkje det lokale behovet for vatn.

Men for å kunne gje dispensasjon frå gjeldande arealplan må fordelane vere klart større enn ulempene. Kommunen kan ikkje gje dispensasjon om formålet det vert søkt dispensasjon frå, lova sitt føremål eller nasjonale/regionale interesser vert sett vesentleg tilside.

Då kantvegetasjonen langs Storelva i dag er mangelfull bør framføring av vassleidning leggjast så langt frå elva at den ikkje går utover eksisterande kantsone. Vi gjer og merksam på at det går ei privat spillvassleidning langs Årskogvegen. Tilstanden på denne leidninga er ukjent.

Med helsing

Johnny Saure Riise
tenesteleiar

Magnar Selbervik
miljøvernrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til

Vd Eiendom Vartdal As

Vartdalsstranda 1072

6170

Vartdal